

Referat Utdanningsutval, FHS

Dato: 6.2.24 Teams møte kl. 09:00-11:00

Til stede: Unni Margrethe Uren Aasen, Margaret Sjøvik, Johannes Haltbakk, Linnéa Solvang (stud.), Florian Andreas Wingens og Hilde Kristin Tveit (ref).

Forfall: Torill Forbord-NTNU, Hege Almeland Hansen (vararepresentantane kunne ikkje møte)

Referat frå sist møte [8.12.23.](#)

Sak	Dokument	Kva skal skje i møtet?	Prosess	Ca tid
1/24 Godkjenning av innkalling og sakliste		Innkalling og sakliste skal godkjennast med evt kommentarar. Vi ønsker ny student tillitsvalgt velkommen Er det saker til eventuelt?	Prodekan	5 min
Referat: Linneà blei ynskt velkomen som ny fakultetstillitsvalt. Ho fekk presentert seg for utvalet og utvalet fekk presentert seg for henne. Innkalling og saksliste blei godkjent. Det var meldt ei sak til eventuelt.				
2/24 Strategisk utvikling av studieportefølje 2025-2026	Vedlegg i Teams: <ul style="list-style-type: none">Tildelingsbrev 2024Oppdragsbrev frå rektor	Utdanningsutvalet vert invitert til å gje innspel til prosessen fakultetet har for arbeid med studieporteføljen for studieåret 2025 -2026. Utgangspunkt for innspela er tildelingsbrevet frå KD til HVL og oppdragsbrev frå rektor.	Innleiing til saka ved prodekan.	50 min

Fakultet for helse- og sosialvitenskap

	<p>Også som vedlegg</p> <ul style="list-style-type: none"> • Prinsipp for prioritering 	<p>Prosesen i fakultetet fram mot styresaka</p> <ul style="list-style-type: none"> • Prinsipp for prioritering • Auke samarbeid med eksterne aktørar og i dialog med praksisfeltet • Tiltak som kan auke studentmobiliteten • Tiltak for å auke samarbeid om digital tilbod på tvers av campus 		
<p>Referat: Prodekan innleia saka og orienterte om arbeidet med studieporteføljen. Rekrutteringssvikt til sjukepleieutdanninga har ført til fleire tiltak, inkludert oppretting av deltidsstudiar i sjukepleie. Fakultetet søkte om å redusere karakterkravet for sjukepleie, men utan suksess. Gjennomstrøyming er og blir eit viktig mål framover. Kravet frå Kunnskapsdepartementet (KD) er 100 % kandidatproduksjon.</p> <p>Kommentarar frå utdanningsutvalet: <i>Tiltak for å auke gjennomstrøyming og sikra kandidatmåltal:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • Låg inntakskvalitet kan oppstå når studieprogramma tek inn fleire studentar. Balansen mellom auka gjennomstrøyming og lågare inntakskvalitet er utfordrande. • Fråfall i første studieår er eit problem. Mange studentar treng tilrettelegging. Auka inntak fører ikkje nødvendigvis til betre gjennomstrøyming. Kvalitet er viktig. • Alle kvalifiserte kjem inn på sjukepleie. Mange studentar har erfaring med Covid frå vidaregåande skole. • Nokre studentar søker seg til Bergen, noko som er uheldig for utdanninga på andre campusar. • Praksisplassar er viktige. Det er mangel på praksisplassar for ergoterapeutar nasjonalt. Kan kommunane påleggast å tilby praksisplassar? • Låg lønn gjer at mange unge ikkje søker helsefag. • Studiar er hardt arbeid, men gir verdifull kunnskap. Krav til kunnskap er positivt. • Administrering av praksis er krevjande. FHS administrerer 250 praksisperiodar årleg. • Obligatorisk undervisning og fleksibilitet: <ul style="list-style-type: none"> • Mange unge mødrer i utdanninga ønskjer meir fleksibilitet. Det er viktig å finne ein balanse mellom obligatorisk undervisning og studentanes behov for fleksibilitet. • Undervisninga kan variere mellom studieprogramma på ulike campusar. Det er viktig å sikre lik undervisningstilbod. • Praksisplassar og uheldige situasjonar: 				

Fakultet for helse- og sosialvitenskap

- Nokre gongar trekker praksisstader tilbake praksisplassar rett før oppstart av ein praksisperiode. Dette er uheldig for studentane.
- Studentrepresentantar har opplevd at deira praksisplassar blei flytta fleire gonger før dei fekk tildelt ein plass.

Tiltak for å auke studentmobilitet:

- Det er positivt at studentmobiliteten aukar. Per no har 62 studentar ved IVD søkt om å reise ut til hausten 2024.
- Ein tiltaksplan for internasjonalisering er utarbeidd (sjå vedlegg under sak 4/24 Orienteringar).
- Prosjektet "Should I Stay or Should I Go?" har motteke 5 millionar kroner for å auke mobiliteten innan sjukepleie.
- Utveksling og kvalitetssikring:
 - Ergoterapi har gode samarbeidspartnarar, men praksisstudiar blir gjennomførte ulikt i ulike land.
 - Fleire samarbeidspartnarar i Europa reduserer utvekslingsperioden frå 3 månader til kortare opphald.
 - Korleis påverkar utveksling studiepoengproduksjonen? Er det mogleg å finne data om dette? Vi bør sjå på samanhengen mellom utveksling, strykstatistikk og gjennomstrøyming.

Vernepleie og ergoterapi i utvekslingsland: Vernepleie er ikkje alltid eit eige yrke i utvekslingsland. Vernepleiestudentar må følgje og gå som sjukepleiarar, medan ergoterapeutar nokre stader opplever at praksisarbeidet utførast som assistentoppgåver for fysioterapeutar.

Nyttige utvekslingsopphald: Korleis kan vi sikre at utvekslinga er nyttig for studentane? Dette er ei viktig utfordring å adressera.

Tiltak for å auke digitale tilbod på tvers av campus:

- Master i spesialsjukepleie (ABIO) har mykje felles digital undervisning Bergen, Haugesund og Førde. Det er og felles undervisning innan spesialitetane. Det er ressursparand og fungerer bra når det ikkje er så mange forelesarar. Studentane er romslege på kva dei aksepterer. Det er mange utfordringar med å få til god dialog i undervisninga. Studentane kan sitje heime å følgje digital undervisning. Halvparten av studiet er praksisstudiar. Studentane har gruppebasert arbeid med simulering og ferdigheitstrening campusvis.
- Videosnuttar er også nyttig – då må studentane arbeide meir sjølv.
- Det er mange utviklingspotensial å ha felles undervisning på tvers av campus.
- Medialab er blitt god på å hjelpe fagmiljøa i å utvikle læringsmateriale til digital undervisning.

Utdanningsutvalet ber om at innspela tek med i det vidare arbeidet med saka Strategisk utvikling av studieportefølja.

Fakultet for helse- og sosialvitenskap

3/24 Revisjon av kvalitetssystemet	Vedlegg ligg i Teams: Kvalitetshåndboka	Utdanningsutvalet inviterast til å diskutera erfaring med dagen kvalitetssystem og kva forbetringar, forenklingar som bør gjerast.	Innleiing til saka ved prodekan.	30 min
<p>Referat: Det er viktig å ha god forankring hos studentane. Saka skal opp i fakultetsrådet og i fakultetsstudentrådsmøtet med leiinga. Fakultetet har opparbeidd seg mykje erfaring med kvalitetssystemet og korleis ein gjennomfører emneevalueringar sidan 2019. Perioden for å gjennomføra periodisk evaluering har blitt utvida frå kvart 5. år til kvart 6-7. år sidan 2019. Dette vart for omfattande for HVL å følgja opp studieprogramma med ei periode på 5 år. Mange av fakulteta har nye studieprogram. Desse er vurderte som kvalitetssikra tilsvarande periodisk evaluering, slik at ein ikkje treng ei periodisk evaluering før om 6-7 år.</p> <p>Kommentarar frå utdanningsutvalet: Korleis opplever studentane mellomvurdering og sluttevaluering? Evaluerer vi for mykje? Korleis er oppslutninga frå studentane? Dette er sentrale spørsmål som bør diskutertast i ulike fora framover.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Fakultetstillitsvald (sjukepleie) har følgjande innspel: <ul style="list-style-type: none"> ○ Midtvegsevalueringane varierer, og mange studentar deltek ikkje på kullmøta. ○ Nokre emneansvarlege inviterer berre kassetillitsvalde (referansegruppe). ○ Av og til får studentane spørjeskjema for mellomvurdering med berre om lag 50 % oppslutning. ○ Sluttevalueringa kjem ofte lenge etter emneslutt, og det er ikkje alltid lett å hugse. ○ Sjukepleie har emne i bolkar utan mykje overlapp med fleire emneevalueringar. ○ Emneevaluering er eit nyttig verktøy, men studentane er ikkje alltid like begeistra for det. • Kvalitetssystemet har ulike evalueringsformer, inkludert kullmøte med eller utan tilsette, der emneansvarleg får oppsummering etter møtet. Referansegrupper med tillitsvalde er òg ein del av evalueringa, der emneansvarleg ber tillitsvalde ta opp spørsmål med studentane på førehand. • Studieprogramrådet tek opp evalueringar der både studentar, fagpersonar og praksisrepresentantar gir innspel. • Referat frå evalueringar og studieprogramråd blir lagt ut på Sharepoint og Canvas. • Spørsmål som studentane reiser inkluderer: Kven bestemmer kva som er viktig? Kven har gjennomslagskraft? Korleis sikrar vi at det er studentane sine meiningar som kjem fram, ikkje berre studentrepresentantane sine? • Studentane finn det utfordrande å gi innspel under kulltimane for emneevaluering. Kassetillitsvalde dominerer ofte samtalen, og dei skriv ned meiningane sine. Referansegruppemøte kan vere eit alternativ. • Mindre grupper kan nyttast der studentane skriv ned meiningane sine om eit emne. • Forskjellige meiningar om emne i same studieprogram kan variere mellom campusane. Til dømes har Stord mange pendlarar, medan Haugesund ikkje har mange pendlarar – dette verkar inn på emneevalueringane. 				

Fakultet for helse- og sosialvitskap

- Å sikre god informasjonsflyt mellom tilsette og studentar er avgjerande. Kanskje ein kan utforske digitale plattformer eller møteplassar for å dele relevant informasjon?
 - Det noverande fleksible systemet, der fagmiljøa kan velje korleis emna skal evaluerast, gir rom for tilpassing.
 - Samtidig er det ønskeleg med ei forenkling av systemet.
 - Ein interessant tanke er å vurdere om alle emna må ha både midtvegsevaluering og sluttevaluering. Kanskje nokre emne kan nøye seg med éin av desse?
- Prinsipp for evalueringar:
 - Å ha klare prinsipp for kva evalueringar skal innehalde kan bidra til meir strukturerte og målretta prosesser.
- Fellesemnet Danning og akademisk handverk:
 - Korleis evaluerast dette emnet? Kanskje ein kan utforske ulike metodar for å få studentane sine meiningar fram.
- Nytt system for saumlaus emneevaluering:
 - Det er positivt at det er eit nytt system under utvikling. Dette kan potensielt forbetre evalueringane.
- Studieprogramrådet og oppfølging:
 - Engasjementet frå studentrepresentantar og eksterne representantar er viktig. Skjema for status på tiltak kan vere ein god måte å følge opp emneevalueringane.
- Andre undersøkingar:
 - Å samkøyre ulike undersøkingar, som studiebarometeret, kandidatundersøkinga og rekrutteringsundersøkinga, kan gi eit heilskapleg bilete av studieprogrammet.
- Fellesemnet MAMET:
 - Det er tydeleg at fagseksjonsleiarane ønskjer endringar for dette fellesemnet. Kanskje ein felles emneevaluering kan bidra til forbetring?

Utdanningsutvalet ber om at innspela blir tatt med når fakultetet skal gje tilbakemelding til Avdeling for utdanningskvalitet.

4/24 Orienteringar	Vedlegg ligg i Teams: Rapport 2023 internasjonalisering FHS	Utdanningsutvalet får desse sakene til orientering: <ul style="list-style-type: none"> • Rapport internasjonalisering vedlegg • Arbeid med Fakultetsplan 2024 • Studiebarometeret 2023 • Status nye studietilbod og studietilbod som er under utvikling • Status for arbeidet med retningslinjer for arbeidstid 	Prodekan orienterar	20 min
---------------------------	--	--	---------------------	--------

Fakultet for helse- og sosialvitenskap

		<ul style="list-style-type: none"> • Ekstern studieportefølje EVU med arbeidspakker • Utvikling av praksisnettsider for master-videreutdanningar 		
<p>Referat:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Internasjonaliseringsplanen strekkjer seg over to år. Det har blitt arbeidd systematisk med dette temaet i inneverande og tiltak for det neste året er allereie sett i gang. Rapporten gjev ein god oversikt over internasjonaliseringsarbeidet ved fakultetet. • Fakultetsplanen er ei forlenging av rektors oppdragsbrev og andre føringar. Der skal fakultetet seie noko om korleis dei skal jobbe framover og kva for tiltak som skal setjast i verk. Fristen er 15. mars. • Studiebarometeret – resultatata blir publiserte 15. februar. Det blir viktig å sjå på kva som er fellesnemnaren for FHS. • Det blir ikkje utvikla nye masterprogram for tida. To emne knytte til Helse, migrasjon og aldring er under utarbeiding. Nye internasjonale emne innan sjukepleie er under utvikling. Florian er i dialog med Sandra og Svanaug om barnevern deltid. Målet er å utnytte dei studieplassane dei har. Dei arbeider no med ei matrise for å sjå korleis det kan riggast utan at det fører til meirkostnadar. • Retningslinjer for arbeidstid – det blir gjort ein større revisjon retningslinjer for arbeidstid. Dersom det blir endringar for rettleiingstida til tilsette for masteroppgåva, vil det medføre endringar i Rettleiar for masteroppgåva ved FHS. • Utvikling av praksisnettsider for master- og vidareutdanningar – eit arbeid er sett i gang for at master- og vidareutdanningane også skal få publisera praksisinformasjon på nettsida, tilsvarande det bachelorprogramma har. • Det er tilsett nytt studentombod, Lene Beate Kjemphol Loy. Ho har vore inne og presentert seg i fleire fagmiljø og i fakultetsadministrasjonen. • Flytskjema for alvorlege og kompliserte rettleiingssaker – skal vere ei hjelp for å handtere hendingar. <p>Utdanningsutvalet tek sakene til orientering.</p>				
5/24 Eventuelt	Vedlegg:	<ul style="list-style-type: none"> • Neste møte blir saman med FOUI utvalet 23. mai 2024 	Prodekan innleier	5 min
<p>Referat:</p> <p>Har FHS eit tilbod til studentar som har norsk som anna språk?</p> <ul style="list-style-type: none"> • Fakultetet har sjukepleienorsk, men det er eit behov for å ha eit tilbod for alle studentar. Dette spørsmålet bør løftast opp. Studenttinget har meldt inn dette fleire gonger. AFII seier at det er fakultetet sitt ansvar og motsett. Prodekan tek saka vidare til prorektor for utdanning. 				

